

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43.

Fylke: Telemark.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Nissedal.

Emne: Ting til legedom og  
vern mot sykdom.

Bygdelag: Kyrkjebygda.

Oppskr. av:

Gard: Grimstvedt.

(adresse):

G.nr. 12 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
Ingeborg Grimstvedt. f. 1885. Husmor i Nissedal.

## SVAR

## A. Ringar:

1. ja, mot gikt.

2. Messing, men og av kopar. Dei måtte pussast ofte.

~~3. Nei.~~3. b. Det var ei gråsvart stripe inni ringen., - bly el  
eller tinn. d. Ingen bokstavar.3. Det var mange i Nissedal før, men ein veit ikkje  
kor dei kom frå. Truleg at det finst slike i bygda  
nå og.

4. Nei.

5. I Treungen i Nissedal er det ein mann som gjeng  
med ein koparring rundt livet nå, i 1955. Høyrd av  
Turid Fjalestad, Treungen. b. Nei.

6. - 13 : Nei.

E. Öreringer:1. Ja, Olav Mule, Gunnar Midtbö og ~~Ans~~  
Anstein Nes gjekk med dobbat i öyro.- for 40- 50  
år sidan.Olav Mule og Torbjörg Vadder gjekk og med giktring-  
ar.15. a. Sjølve dobben var rund som ei ert og var av  
sylv, og utan stein.b. Sylv. Dobben hekk i eit tunt band av sylv og d  
dingla og slong. Ringen var lik slike som er i  
klokkeband, men mindre. Det var hol gjenom öyra.

16. I baa öyrö.

17. Rekna det som stas.

19. "

20. Forskjellige ting. F.

Dei gjekk med bevergjell som vern mot orm. Dei k  
kunde ringa inn ein orm med det, trudde folk. Fekk  
det på apotek. et vart lagt koparplate under senga  
mot gikt, og det skulle hjelpe. Då gjek det ei vass  
åre under der dei låg.

21. -

22. Nei.